



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor oppvekst

ROSENDAL FUS BARNEHAGE AS  
Goto 26

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Signy Aarre Prestnes	91643379	2018/3144-44		06.01.2020

## Forskot på drifts- og kapitaltilskot 1. kvartal 2020 - Rosendal FUS barnehage

I samsvar med Lov om barnehagar § 14 og i medhald av *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager*, betaler Kvinnherad kommune ut eit a-konto forskot for første kvartal 2020.

Utgangspunktet for tilskotet er overføring siste kvartal 2019:

Drift- og kapitaltilskot 4. kvartal : kr. 2 599 531

Rosendal FUS barnehage får utbetalt eit **forskot på kr. 2 866 767** i kommunalt drifts- og kapitaltilskot for 1.kvartal 2020.

Merknader til forskrifta § 1: Kommunen skal etter å ha mottatt årsmelding frå barnehagen, beregne tilskuddet til barnehagen på bakgrunn av rapporterte barnetall og sats fastsatt i medhold av § 3, § 7 og § 8.

Når årsmelding per 15.12.2019 ligg føre, vil Kvinnherad kommune fatta endeleg vedtak om drifts- og kapitaltilskot for 2020.

Avrekning av forskot på tilskot 1.kvartal 2020 i høve til vedtak om tilskot, vert gjort ved utbetaling av tilskot for 2.kvartal, før 01.04.2020.

Med helsing  
Signy Aarre Prestnes  
Barnehagefagleg rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Anne Sofie Bjelland Kjeka  
Helge Gunnar Flatland



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor oppvekst

ESPIRA HALSNØY KLOSTER BARNEHAGE  
Postboks 353

4291 KOPERVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Signy Aarre Prestnes	91643379	2018/3144-49		31.01.2020

## Vedtak kommunalt drifts- og kapitaltilskot 2020 - Espira Halsnøy Kloster barnehage

Kvinnherad kommune viser til *Lov om barnehager §§ 8 og 14*, og til *Forskrift om tilskudd til private barnehager*.

Med utgangspunkt i denne forskrifta har Kvinnherad kommune fastsett lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar, jf. vedlegg nr.1.

Kvinnherad kommune har i brev datert 31.10.2019 gjort vedtak om satsar for driftstilskot 2020, jf. vedlegg nr. 2. Nasjonale satsar 2020 for kapitaltilskot

### VEDTAK

Med heimel i forskrifta og med grunnlag i kommunerekneskap for kommunale barnehagar for to år før tilskotsåret og , har Kvinnherad kommune rekna ut at Espira Halsnøy Kloster barnehage får fylgjande tilskot i 2019, jf. vedlegg nr. 3:

- Driftstilskot inkl. administrasjonskostnader 2020: kr 13 898 959
- Kapitaltilskot 2020 : kr 874 200

**SAMLA TILSKOT I 2020: KR 14 773 159**

Kvinnherad kommune har følgjande lokale teljetidspunkt: 01.03 og 15.08, jf. forskrifta § 12.

Rapportering ved teljetidspunkta dannar grunnlag for ny utmåling av drift- og kapitaltilskot til private barnehagar, jf. lokale retningslinjer.

Ved teljing gjennom året: barn som fyller 3 år i tilskotsåret, vert rekna som under 3 år i årets første sju månader og over 3 år i årets fem siste månader.

### Bakgrunn for vedtaket

1. Driftstilskot, jf. forskrifta § 3 Tilskotet er rekna ut med grunnlag i kommunerekneskap for dei kommunale barnehagane frå to år før tilskotsåret. Grunnlaget er indeksregulert i samsvar med sentrale føringar. Den private barnehagen si rapportering av barnetal, barnas alder og opphaldstid per 15.12.19 er lagt til grunn for utmåling av det kommunale tilskotet for 2020, jf. forskrifta § 12 .

Dokumentasjon:

- a. Oversikt barn per 15.12.2019 jf. vedlegg nr. 3
- b. Hovudoversikt rekneskap kommunale barnehagar 2018, jf. vedlegg nr. 4

2. Utrekna driftstilskot 2020 per heiltidsplass, jf. vedlegg nr. 2

- a. barn null til to år: **kr 241 715**
- b. barn tre til seks år: **kr 117 458**

### 3. Pensjons- og administrasjonskostnader

Kvinnherad kommune har gitt påslag for pensjons- og administrasjonskostnader, jf. forskrifta §§ 4 og 5

### 4. Kapitalkostnader

Kvinnherad kommune gjev kapitaltilskot per heiltidsplass til barnehagen ut frå byggjeår 2007, jf. forskrifta § 6. Kapitaltilskot 2020 Espira Halsnøy Kloster barnehage: kr. 9 500 per heiltidsplass

### Andre opplysningar

- Fylgjande kostnader er ikkje å rekna som kostnader til ordinær drift og er såleis ikkje teke med i kommunens grunnlag for utrekning av tilskotssatsar, jf. *Forskrift om tilskudd til private barnehager § 3/merknader*:
  - ✓ Kostnader til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne
  - ✓ Kostnader til spesialpedagogisk hjelp
  - ✓ Kostnader til tilskot til tiltak for å betra språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder
  - ✓ Kostnader knytt til lærlingar i kommunale barnehagar

Spørsmål i høve til utrekning: ta kontakt med økonomikontoret v/ Helge Gunnar Flatland  
[helge.gunnar.flatland@kvinnherad.kommune.no](mailto:helge.gunnar.flatland@kvinnherad.kommune.no)

Det vert teke atterhald om at Kvinnherad kommune kan gjera om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. *Forvaltningslova § 35, femte ledd*.

Dersom barnehagen gjennom året tek imot høgare tilskot enn tilskotsgrunnlaget for barnehagen tilseier, vil dette verta avrekna mot seinare tilskot frå Kvinnherad kommune.

## Klagerett

Dette er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Barnehageeigar kan klaga vedtaket om kommunalt tilskot til Fylkesmannen i Hordaland, jf. *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 14*. Eventuell klage skal sendast til Kvinnherad kommune og handsamast etter reglane i *Forvaltningslova*. Klagefrist er 3 veker frå ein har motteke vedtaket.

Med helsing

Signy Aarre Prestnes  
*Barnehagefagleg rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Anne Sofie Bjelland Kjeka  
Helge Gunnar Flatland